

Saneringsnytt 2 – 2003

Dette nummeret av saneringsnytt har vi tenkt å bruke til å presentere nokre tal frå prosjektet og til å minne om reglar og smittefare.


Resultat

Så langt er det mest berre positive ting å rapportere om.


Prøver 2002	positive	negative	pros.positive
Screening i prosjekt	129	182	41,5
Kontroll forenkla sanering	1	922	0,1
1. Prøve Kje	2	767	0,3
2. Prøve Kje	7	552	1,3
3. Prøve Kje	0	65	-

Prøver 2003	positive	negative	pros.positive
Screening i prosjekt	0	85	0
Kontroll forenkla sanering	0	107	0
1. Prøve Kje	11	358	2,98
3. Prøve Kje	0	312	0

Vi ser at det er svært bra resultat. Dette året har det i eit par buskpar dukka opp ein del positive etter snapping. Dette veit vi ikkje kva skuldast, men det viser at det er rett å ta prøver av snappa kje tidleg. Det viser også at ein må vera svært nøye med snapperutiner.



Diagrammet viser at det er mange som har berre negative prøver for tida. Dette betyr at det nyttar å bli kvitt CAE, eller i alle fall å redusere førekomsten svært mykje.



Mjølke mengd:

Heile buskpar 1: Før sanering 280kg/geit
 Etter sanering 780kg/geit

Kje i buskpar 2: Før sanering 1,2-1,9 l
 Etter sanering 2.2-4.0 liter

Her er det sett inn ein del tal som viser litt av produksjonen hjå dei friske dyra. Dette er ikkje dårleg.

Reglar

Prosjektgruppa har akkurat hatt møte. To av sakene vil vi at alle som er med i prosjektet skal få best mogeleg kjennskap til.

Prosjektgruppa har diskutert rollefordelinga i prosjektet når det gjeld arbeidet i den enkelte buskapan. I visse tilfelle har det vore litt tvil om kven som er rette ansvarlege. Vi har no kome så langt i prosjektet at alle kjenner til kva som må gjerast. Gruppa meiner difor at det no må vera slik som oppsummert her:

1. Faglig ansvarlig.

Lokalt er det veterinæren som har underskrevet kontrakt med prosjektet som er faglig ansvarlig. Dette betyr at deltakende besetninger forholder seg først og fremst til denne veterinæren. Dette gjelder også annet personell som er involvert i dette arbeidet (for eksempel TINE-personell). Ansvarlig veterinær tar selvstendige faglige beslutninger innenfor sitt geografiske område.

2. Spørsmål av prinsipiell karakter.

Spørsmål av prinsipiell karakter, eventuelt faglige spørsmål en måtte være usikker på, tas opp med prosjektleder. Slike spørsmål (avhengig av alvorlighetsgrad) bør behandles i prosjektgruppa før avgjørelse tas.

3. Rapporteringsveier.

Tilbakemelding nedover i systemet vedr. avgjørelser i prosjektgruppa bør skje i samme rekkefølge, dvs en følger prosjektorganisasjonens kommandolinjer. I praksis blir det ansvarlig veterinær lokalt som det rapporteres til og som er ansvarlig for gjennomføring/oppfølging av vedtak. På denne måten blir ansvaret plassert på riktige personer og vil forhåpentligvis føre til enklere styring og mer effektiv organisering.

4. Informasjon.

Generelt er det viktig at alle involverte parter i prosjektet får god og tilfredsstillende informasjon. Derfor vil også andre enn ansvarlig veterinær få tilgang til noenlunde samme informasjon.

Vi har av og til tilfelle der det er avvik frå det som er avtala i kontrakten og det som står i reglane. Slik vil det kanskje alltid vera. Prosjektgruppa har difor vurdert tiltak der opplegget ikkje blir fylgt. Dei to punkta nedanfor viser kva gruppa meiner om slike tilfelle:

- 1. Dersom reglane ikkje blir fylgt, vil ein halde tilbake deler av rekrutteringsbidraget. Det må vera att pengar til eventuell ekstra prøvetaking og til ekstra arbeid som fylgje av brot på reglane.*
- 2. Dersom det er behov for avvik i opplegget, må dette avtalast skriftleg. Då unngår ein at det i ettertid er tvil om kva som er avtala.*

Smittefare

Det er svært viktig å passe på at ein har kontroll over kva og kven som kjem inn i fjøset og at ein sjølv har rutinar som held mål. For å sikre oss at alle har fått den sjekklista vi sende til dykk for ei tid sidan, tek vi den med her også.

*Det er sjølvstilt hjå dei **reine dyra** det er viktigast å vera på vakt, og av punkt som de skal sjå spesielt godt etter er:*

- 1. Smittesluse for besøkjande og for dykk sjølve når de skal inn i rein besetning*
- 2. Reine overtrekksklær og –sko eller eingongsutstyr for dykk sjølve og besøkjande*
- 3. Stenge dører som ikkje er i dagleg bruk slik at ingen kan koma rett inn utan å skifte*
- 4. Godt reinhald i "rein besetning", særleg golv*
- 5. Gode "snapperutinar" (hanskar, kasse, råmjølk, transport ut av fjøset)*
- 6. Passe mange kje i bingane, ikkje meir enn 10 dersom ikkje anna er avtala*
- 7. Tette bingeskille, slik at snappa kje ikkje kjem ut frå bingen dei er plassert i*
- 8. Fast, lunt liggeunderlag for kjea og trekkfri bing*
- 9. Gode fôringsrutinar som tek hensyn til at alle kjea skal få nok mat*
- 10. Beiteopplegget for neste år må vera sikra slik at det ikkje er risiko for at friske dyr frå eigen eller andre sin besetning blir smitta på nytt*